



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

ÅRSMELDING 2025

ALPINGRUPPA

Styret i alpingruppa har vore samansett slik :

Anders Engeland	Leiar
Mari Janne Henden	Styremedlem
Øystein Løddøen	Styremedlem
Marianne Kjørstad	Styremedlem
Marit S. Sæthre	Styremedlem

Det har ikkje vore nokon møteaktivitet i alpingruppa dette året heller. Ting vert ordna via mail, SMS og på dugnadar. Leiar deltek på møter med skikrinsen og idrettslaget og representerar idrettslaget i styret til Harpefossen skisenter AS.

Vi har dei siste åra fortsatt med å ta på oss kretsrenn, og arrangere Telenorrenn . Dette for å prøve å halde oppe alpininteressa. Vi vil også i lag med skisenteret arrangere nybyrjarkveldar for vaksne.

Aktivitetar på ski : Vi gjennomførte eit Telenorrenn . Det var planlagt 4 renn denne sesongen også, men det let seg ikkje gjere på grunn av mildveir og snømangel.

Det var og planlagt at vi skulle arrangere terminfesta krinsrenn i slalåm, og Super G, men alle renn vart avlyst grunna mangel på snø

Aktive:

Ved utgangen av 2025 har vi 3 aktive løparar :

Johannes Strøm og Aksel Dalset Løddøen.

Trym Dalset Løddøen. I 2025 har han starta i 18 World Cup, VM og nasjonale renn. Beste resultat denne sesongen er to førsteplassar i nasjonale renn. Limer her inn lenke til det det internasjonale skiklatringsforbundet (ISMF) skriv om Trym : <https://ismf-ski.com/athlete/trym-dalset-lodoen/>

Andrine Mårstøl. Fram til våren 2025 starta ho i 30 renn fordelt på FIS , E-cup og World Cup (WC). Hausten 2025 la ho opp som aktiv alpinist, etter snart 10 år med renn i WC, E-cup og FIS. Ho er no starta på politihøgskulen og er tilsatt som teknikktrenar for Europacup laget .



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Vi prøvar å halde oppe trykket med å arbeide for alpinsporten, men vi har ikkje fleire. Styret fortset endå ei stund med å halde alpingruppa i drift, men uvisst kor lenge.

Andre aktivitetar : Laurdag 23. november arrangerte Haugen IL Ski (langrenn og alpin) bruktskialg. Dette er andre året vi i fellesskap gjer dette. Tiltaket er svært populært!

Dugnadar er Harpefossen skisenter! Oppgåvene der vert ikkje færre! Grunna den svært dårlege snøvinteren, kom skisenteret i ei økonomisk klemme, og stod i fare for å måtte melde opphøyr. Dette var ikkje noko vi kunne gå med på! Vi «bretta opp ermane» og tar del i «den redningsaksjonen» som pågår. Vi står på og hjelper skisenteret med den viktige oppgåva det er å oppretthalde det gode tilodet og kvaliteten til innbyggjarane i Stad kommune og Nordfjord.

09.mars 2026

For Alpingruppa

Anders Engeland

Leiar